

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Gaular kommune

Utval: Kontrollutval - Gaular kommune
Møtedato: 18.03.2013
Møtetid: 09.00
Stad: Møterommet
Møtenr.: 2/2013

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet.

Melding til: Ordførar(møterett), KRYSS-revisjon(møterett) og varamedlemmer (vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 57 82 22 90 eller 976 15 363, eller på e-postadresse: post@sekom.no

SAKLISTE

12/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.
13/13 Skriv og meldingar
14/13 Plan for forvaltningsrevisjon.
15/13 Oppfølgingsliste 1-2013.
16/13 Eventuelt.

Sande i Sunnfjord 11.03.2013

Aud Lunde (s)
-leiar-



Asgeir Tveit

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

012/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 11.03.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	18.03.2013	012/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

013/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 11.03.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	18.03.2013	013/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyet	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 04-13 Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteopkrevjarfunksjonen for Gaular kommune.
- SM 05-13 E-post frå kontrollutvalet til formannskapet om Nettbrett.
- SM 06-13 Vedtak kst sak 001/13 Referatsaker.
- SM 07-13 Vedtak kst sak 006/13 Årsmelding 2012 – kontrollutvalet.
- SM 08-13 Vedtak kst sak 007/13 VAR-sektoren – Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Oppfølging.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør "skriv og meldingar" takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:



SM 04-13

SkatteetatenSaksbehandlar
Kjersti Hopland Hollup

Dykkar dato

Vår dato
15.02.2013Direkte tlf
800 800 00

Dykkar referanse

Vår referanse
2012/160282

Kommunestyret i Gaular kommune

6973 Sande i Sunnfjord

Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Gaular kommune

1. Generelt om fagleg styring og kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skatteoppkrevjaren sitt ansvar og mynde følger av skattebetalingsloven § 2-8, som vert utfylt av "Instruks for skatteoppkrevjarar", fastsett av Skattedirektoratet 8. januar 2009.

Skattekontoret har fagleg ansvar og instruksjonsmakt over skatteoppkrevjarane i saker som vedkjem skatteoppkrevjarfunksjonen, og pliktar å yte rettleiing og hjelp i faglege spørsmål. Skattekontoret søker gjennom mål- og resultatstyring å leggje til rette for best mogeleg resultat for skatteoppkrevjarfunksjonen. Grunnlaget for skattekontoret sin styring av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes styring og oppfølging av skatteoppkreverne" av 11. januar 2012.

Grunnlaget for skattekontoret sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er "Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne" av 1. februar 2011.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen vert utøvd tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkreving
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

Postadresse
Njøsavegen 26863 Leikanger
skattvest@skatteetaten.no

Besøksadresse

Sjå www.skatteetaten.no eller
ring gratis 800 80 000

Org. nr.: 991733108

Sentralbord

800 80 000

Telefaks

51 91 73 01



2. Skatteoppkrevjarfunksjonen si måloppnåing

2.1 Skatte- og avgiftsinngang

Skatterekneskapen for Gaular kommune viser per 31. desember 2012 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 239 050 304 og uteståande restansar² på kr 3 878 915, av dette krav stilla på vent kr 691 562. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar 21. januar 2013.

2.2 Innkrevjingsresultat

Vi har gått gjennom innkrevjingsresultata per 31. desember 2012 for skatteoppkrevjarkontoret for Gaular kommune. Resultata viser følgjande:

	Totalt innbetalt i MNOK	Innbetalt av sum krav (%)	Resultatkrav (%)	Innbetalt av sum krav (%) førre år	Innbetalt av sum krav (%) region
Restskatt personlege skattytarar 2010	6,23	93,42	96,80	97,84	94,45
Arbeidsgjevaravgift 2011	35,42	98,52	99,80	100,00	99,85
Forskotskatt personlege skatteytarar 2011	17,79	99,43	99,50	99,20	99,22
Forskotstrekk 2011	92,14	100,00	99,90	100,00	99,95
Forskotskatt upersonlege skatteytarar 2011	4,99	100,00	99,80	100,00	99,89
Restskatt upersonlege skattytarar 2010	1,76	99,99	99,50	100,00	98,41

2.3 Arbeidsgjevarkontroll

Skatteoppkrevjaren for Gaular kommune er tilslutta det interkommunale kontrollsamarbeidet i Førde.

Resultatet for kommunen per 31. desember 2012 viser følgjande³:

Tal arbeids-gjevarar	Minstekrav (5%)	Tal utførte kontrollar 2012	Utført kontroll 2012 (%)	Utført kontroll 2011 (%)	Utført kontroll 2010 (%)	Utført kontroll 2012 i region (%)
109	5	4	3,7 %	1,8 %	3,7 %	4,3 %

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum åpne (ubetalte) forfalne debetkrav

³ Frå 2011 er rapporteringsordninga endret frå rapportering pr. kommune til interkommunal kontrollordning/kontrollsamarbeid, der det er aktuelt.



2.4 Bemanning

Sum årsverk til skatteoppkrevjarfunksjonen etter skatteoppkrevjar sin resultatrapportering. Sum årsverk gjeld totalt på skatteoppkrevjarkontoret i Førde som omfattar kommunane Gaular, Førde og Naustdal:

Tal årsverk 2012	Tal årsverk 2011	Tal årsverk 2010
5,35	5,35	5,35

3. Kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen

Skattekontoret har i 2012 gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret for området arbeidsgjevarkontroll ved kontroll av det interkommunale kontrollsamarbeidet i Førde. Siste stadlege kontroll vart halden for det interkommunale kontrollsamarbeidet i Førde 12.-13. juni 2012.

Skattekontoret har i 2012 i tillegg gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda intern kontroll, skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll.

Skatteoppkrevjarkontoret har gjeve tilbakemelding på pålegg og tilrådingar som er gjevne.

4. Resultat av utført kontroll

• Intern kontroll

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, har skattekontoret ikkje funne vesentlege manglar i skatteoppkrevjaren sin overordna interne kontroll.

• Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvisst uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.

• Skatte- og avgiftsinnkrevjinga

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

• Arbeidsgjevarkontroll

På bakgrunn av dei kontrollane som vi har gjennomført, finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og retningslinjer, men vert ikkje utført i tilstrekkeleg omfang då det er utført 3,7 % kontrollar mot et krav på 5 %.




5. Ytterlegare informasjon

Skattekontoret har gjennom sine kontrollhandlingar i 2012 gjeve pålegg og tilrådingar som skatteoppkrevjaren er gjort kjend med i brev til det interkommunale kontrollsamarbeidet i Førde 10. september 2012.

Venleg helsing

for 
Arnljot von Mehren
avdelingsdirektor
Skatt vest


Jan Kåre Strøm
underdirektor

Kopi til:

- Kontrollutvalet for Gaular kommune
- Skatteoppkrevjaren for Gaular kommune
- Riksrevisjonen

Tveit Asgeir

SM 05-13

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 5. februar 2013 09:21
Til: 'Gaular kommune (postmottak@gaular.kommune.no)'
Kopi: 'Lunde Aud (aud.lunde@gmail.com)'
Emne: Kontrollutvalsak 009.13 Nettbrett - kontrollutvalet
Vedlegg: 009.13 - Nettbrett - kontrollutvalet.pdf

Vi ber om at vedlagte kontrollutvalssak 009.13 Nettbrett – kontrollutvalet vert lagt fram for formannskapet i Gaular kommune ved første høve.

Med helsing

Asgeir Tveit

SEKOM-sekretariat

SEKOM-sekretariatet er et samarbeidsorgan mellom kommunene i regionen. Sekretariatet er etablert i 1998 og har som oppgave å koordinere og bistå kommunene i arbeidet med å etablere og utvikle kontrollutval. Sekretariatet er også ansvarlig for å gjennomføre kurs og seminarer for kommunene.

e-post: asgeir.tveit@sekom.no

Heimeside: www.sekom.no

Postboks 338, 6802 FØRDE

Tlf: 57 82 22 90

Mob: 976 15 363

Twitter: @sgrtv



Møtebok for Gaular kommune

Samlesak SAKSGANG

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
001/13	Kommunestyret	12.02.2013

Avgjerd av: Saksansv.: Helge Følid	Arkiv: Objekt:	Arkivsaknr.
---------------------------------------	-------------------	-------------

Referatsaker

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	13/681	I	15.01.2013	SIS Samarbeidsforum i Sunnfjord	Møte i SIS 25. januar 2013 i Naustdal - protokoll
2	13/632	I	21.01.2013	Skatteoppkrevjaren i Gaular kommune	Rapport for året 2012
3	13/409	I	16.01.2013	Øystein Høyvik	Interkommunalt samhandlingsprosjekt, referat frå prosjektmøte 04.01.13
4	13/874	I	04.02.2013	Kontrollutvalet	Kontrollutvalssak 006/13 Eigenvurdering oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit
5	13/876	I	04.02.2013	Kontrollutvalet i Gaular	Møtebok 04.02.13
6	13/239	S	10.01.2013		Heimfallskraft. Søksmål.
7	13/240	S	11.01.2013		Fleirbrukshall - kravspesifikasjon
8	13/141	I	04.01.2013	Førde Lufthamn Bringeland	Flytrafikk/regularitet 2012 (2011)

Merknad:

001/13: Referatsaker

Merknad:

Handsaming i Kommunestyret 12.02.2013:

Det var ingen merknader til innkallinga.

Merknad til sakliste frå ordføraren:

2 saker vart sendt ut i etterkant av innkallinga:

Sak 03/13 Bygstad gravplass. Grunnavtale. Nye dokument. 2 skriv.

Sak 04/13 Uttale frå SIS vedr. omorganisering av 110 sentralane. 2 skriv.

Det var ingen merknader til saklista.

Kenneth Gjerde fekk innvilga permisjon frå møtet dei første 20 min.

Arild Horsevik og Siv Øvrebø Kårstad vart valde til å skrive under møteboka.

Utdeling av Gaular kommune sin kulturpris for 2012 til Åmot Operagard.

Orientering frå Statens Vegvesen vedr. E 39 v/ Ingar Hals.

Orientering frå Firda Produkt v/ Kjartan Kvellestad og Kari Margrete Rønning.

Referatsaker:

Ny referatsak sendt ut vedr. formannskapet sitt vedtak om å ikkje nytte forkjopsretten til kjøp av aksjar i Firda Billag AS.

Det var ingen merknader til refererte saker.

KS-001/13 Vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.

Merknad til sakliste frå ordføraren:

2 saker vart sendt ut i etterkant av innkallinga:

Sak 03/13 Bygstad gravplass. Grunnavtale. Nye dokument. 2 skriv.

Sak 04/13 Uttale frå SIS vedr. omorganisering av 110 sentralane. 2 skriv.

Det var ingen merknader til saklista.

Kenneth Gjerde fekk innvilga permisjon frå møtet dei første 20 min.

Arild Horsevik og Siv Øvrebø Kårstad vart valde til å skrive under møteboka.

Utdeling av Gaular kommune sin kulturpris for 2012 til Åmot Operagard.

Orientering frå Statens Vegvesen vedr. E 39 v/ Ingar Hals.

Orientering frå Firda Produkt v/ Kjartan Kvellestad og Kari Margrete Rønning.

SM 07-13

7. Byggenemnda får fullmakt til å ta stode til merknader frå arbeidstilsynet, vilkår for byggeløyve og eventuelt andre merknader og krav om endringar/tillegg som kan oppstå i rive/byggefasen.

006/13: Årsmelding 2012. Kontrollutvalet.

Tilråding til vedtak:

Handsaming i Kommunestyret 12.02.2013:

Ordføraren refererte tilrådinga til kommunestyret frå sekretariatet til kontrollutvalet, som var følgjande:

Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Gaular kommune vert godkjent.

Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS-006/13 Vedtak:

Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Gaular kommune vert godkjent.

007/13: VAR-sektoren. Forvaltningsrevisjonsprosjekt. Oppfølging.

SM 08-13

Tilråding til vedtak:

Handsaming i Kommunestyret 12.02.2013:

Ordføraren refererte tilrådinga til kommunestyret frå sekretariatet til kontrollutvalet, som var følgjande:

1. Kommunestyret tek til vitande at administrasjonen delvis har følgd opp merknadane kommunestyret hadde i kommunestyresak 05/11, 10.03.11 til forvaltningsrevisjonsrapporten «Sjølvkostberekningar VAR-sektoren» av 23.08.2010, og at det er gjort tiltak slik at:
 - Mindreforbruk innan sjølvkostområdet vert overført bundne fond.
 - Fondsmidlane på sjølvkostområdet vert nytta innan tidsfristane som gjeld.
 - Alle kjende kostnader vert førte i sjølvkostrekneskapen.
2. Kommunestyret ber om at administrasjonen legg fram ei sak for kommunestyret om inndeckingsgrad for dei sjølvkostområda som ikkje krev 100% inndecking, slik at kommunestyret gjer eit prinsippvedtak om kva inndeckingsgrad ein skal ha på desse sjølvkostområda.
3. Kommunestyret ber kontrollutvalet følgje opp saka vidare.

Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

KS-007/13 Vedtak:

1. Kommunestyret tek til vitande at administrasjonen delvis har følgt opp merknadane kommunestyret hadde i kommunestyresak 05/11, 10.03.11 til forvaltningsrevisjonsrapporten «Sjølvkostberekningar VAR-sektoren» av 23.08.2010, og at det er gjort tiltak slik at:
 - Mindreforbruk innan sjølvkostområdet vert overført bundne fond.
 - Fondsmidlane på sjølvkostområdet vert nytta innan tidsfristane som gjeld.
 - Alle kjende kostnader vert førte i sjølvkostrekneskapen.
2. Kommunestyret ber om at administrasjonen legg fram ei sak for kommunestyret om inndeckingsgrad for dei sjølvkostområda som ikkje krev 100% inndecking, slik at kommunestyret gjer eit prinsippvedtak om kva inndeckingsgrad ein skal ha på desse sjølvkostområda.
3. Kommunestyret ber kontrollutvalet følgje opp saka vidare.

008/13: Startlån i Husbanken. 2.000.000.**Rådmannen gjev slik tilråding til vedtak:**

Det vert teke opp nytt startlån kr. 2.000.000 i Husbanken til vidare utlån.

Handsaming i Formannskapet 29.01.2013:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FS-010/13 Vedtak:

Det vert teke opp nytt startlån kr. 2.000.000 i Husbanken til vidare utlån.

Handsaming i Kommunestyret 12.02.2013:

Rådmannen foreslo følgjande endring grunna nye opplysningar sidan saka vart handsama i Formannskapet og som er følgjande:

Det vert teke opp nytt startlån kr. 3.000.000 i Husbanken til vidare utlån.

Rådmannen si nye tilråding vart samrøystes vedteke.

KS-008/13 Vedtak:

Det vert teke opp nytt startlån kr. 3.000.000 i Husbanken til vidare utlån.

014/13 PLAN FORVALTINGSREVISJON 2012 – 2016 - GAULAR KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat
Dato: 11.03.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	18.03.2013	014/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- Utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2012 - 2016 – Gaular kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalssak 009/12 og 04/13.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Gaular kommune for perioden 2012 – 2016.
- Planen har i utgangspunkt følgjande prioritering av prosjekt:
 - 1.
 - 2.
 - 3.
 - 4.
- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

Tilråding frå kontrollutvalet til kommunestyret:

PLAN FOR FORVALTINGSREVISJON 2012 - 2016- GAULAR KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Det skal leggjast fram plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, i denne omgang altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenestedområda.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som: *"Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:*

- a) *forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,*
- b) *forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området,*
- c) *regelverket vert etterlevd,*
- d) *styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenlege,*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,*
- f) *resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller resultat for verksemda er nådd."*

I kontrollutvalsmøte 04.02.2013 i sak 004/13 "Overordna analyse" vart overordna analyse presentert av KRYSS-revisjon. Overordna analyse munna ut med forslag om følgjande aktuelle prosjekt:

- Kontroll av lønsområdet i kommunen «All over» eller sektorvis.
- KOSTRA- til hjelp i planlegging og styring.
- Sjølvkostberekningar.
- SUM Sunnfjord Miljøverk IKS.
- Evaluering av NN samarbeid.
- Tidsriktig rapportering til politisk nivå.
- Budsjettprosess/ fordeling av ressursar.
- «Korrekt handtering av din sak?»
- Oppfølging av vedtak i Gaular kommune.
- KOSTRA- til hjelp i planlegging og styring?
- Gjennomgang av ulike reglement og arkivsystem/-ordning.

- Sjukefråværet – årsak og samanhengar.
- Økonomistyring.
- Vurder bemanninga og ressursbruken på ulike tenestekområder.
- Vurder IT/IKT samarbeid.
- Sjukefråveret
 - Bruk av eigenmeldingar
 - Fråværsregistreringar
 - Personar på timelister.

På grunnlag av overordna analyse skal kontrollutvalet lage ein plan for forvaltingsrevisjon som det skal tilrå for kommunestyret. Konkret blir kontrollutvalet si oppgåve å velje 4 – 6 prosjekt frå dei forslaga som ligg ovanfor, eller evt. andre prosjekt kontrollutvalet ynskjer å prioritere som skal leggjast inn i planen.

Det vert elles vist til vedlagte utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2012 – 2016.

Sekretariatet sine vurderingar

Sekretariatet er kjent med at det av fleire kommunar i Sunnfjord er valt prosjekt inn mot innkjøpsfunksjonen. Det har elles tidlegare i desse kommunane vore gjennomført fleire prosjekt inn mot VAR-sektoren, inn mot sjukefråvær og inn mot økonomistyring. I Nordfjordkommunane er det for tida fokus på vedlikehald av kommunale eigedomar. Med tanke på synergieffekt, vil val av eit av desse prosjekta kunne medføre ei meir effektiv gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Plan for forvaltingsrevisjon

Gaular kommune

2013 -2016



Gaular kommune

Innhold:

1. Innleiing
2. Prioritering

INNLEIING

1.0 Bakgrunn

I kommunelova § 77 pkt. 4 står det at kontrollutvalet skal sjå til at det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltinga føregår i samsvar med gjeldande reglar og vedtak, og at det vert gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader (forvaltingsrevisjon).

Forskrift om kontrollutval § 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyder slik:

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkekommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

1.1. Kontrollutvalet si rolle

Kontrollutvalet ynskjer å medvirke til fornuftig ressursbruk og god forvaltning i kommunen, og ser forvaltningsrevisjon som eit verkemiddel til å oppnå dette. Kommunestyret har det øvste ansvaret for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon, og kan gje instruksar om kva prosjekt om forvaltningsrevisjon som skal setjast i verk. Kontrollutvalet har ei tingarrolle overfor revisor i høve til forvaltningsrevisjonen som skal utførast.

1.2 Tidsperspektiv

Kravet i forskrifta er at planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon vert utarbeidd minimum ein gong i laupet av valperioden. Kontrollutvalet ser det ikkje som naudsynt å leggje planen fram for bystyret oftare med mindre det oppstår situasjonar i perioden planen gjeld for som gjer at kontrollutvalet finn dette føremålstenleg. Denne planen omhandlar prioriteringar og arbeid for perioden 2012 – 2015 eller fram til det vert laga ein ny plan.

1.3 Overordna analyse

Kontrollutvalet vil jobbe aktivt med å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på ulike område. Dette vil kunne skje gjennom ein dialog mellom kontrollutval, administrasjon, revisor og andre. Dette vil vere ein laupande prosess. Det er utarbeidd ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegskapsvurderingar. Analysen gjennomført av KRYSS-revisjon. Analysen er hovudgrunnlaget for prioriteringane i denne planen.

Føremålet med analysen har vore å framskaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen, slik at det i planen for forvaltningsrevisjon vert mogeleg å prioritere mellom ulike område der slike revisjonar vil vere aktuelle. Målet er å avdekke indikasjonar på avvik eller veikskap i forvaltinga sett i høve til lover, forskrifter og kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

1.4 Definisjon av forvaltningsrevisjon

Forvaltingsrevisjon er i kommunelova § 77, nr. 4 definert som ”...systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.”

Innhaldet i forvaltningsrevisjonen er ytterlegare utdjupa i forskrift om revisjon § 7, første ledd:

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om

- a) *forvaltinga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med bystyret sine vedtak og føresetnader*
- b) *ressursbruken og verkemidla til forvaltinga er effektive i høve til måla som er sett på området*
- c) *regelverket vert etterlevd*
- d) *styringsverktøya og verkemidla til forvaltinga er føremålstenlege.*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organa samsvarar med offentlege utgreiingskrav*
- f) *resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller om resultat for verksemda er nådd.*

Opplistinga er ikkje uttømmande.

PRIORITERINGAR

2.1 Generelt

Omfanget av forvaltingsrevisjon er avhengig av identifiserte behov og dei ressursar som vert stilte til rådvelde for oppgåva. Den gjennomførte analysen er ikkje uttømmande, og vil ikkje kunne ta omsyn til alle tilhøve. Han må sjåast på som eit verktøy til å gjere ei prioritering av område/tema som vil vere aktuelle for forvaltningsrevisjon. Konkret formulering av prosjektet må ein kome attende til når tingingsdokument skal utformast.

2.2 Prioriterte område for forvaltingsrevisjon i perioden

Kontrollutvalet har med bakgrunn i overordna analyse og i det som er nemnt over vurdert følgjande område som aktuelle for forvaltningsrevisjon i perioden:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

Det kan tenkjast at kontrollutvalet gjennom sitt laupande arbeid vert kjent med tilhøve som etter utvalet si vurdering bør gjerast gjenstand for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet ber kommunestyret om å få høve til eventuelt å gjere omprioriteringar av framlagde plan / setje i gong forvaltingsrevisjon der dette vert vurdert som naudsynt. Resultat av slike eventuelle forvaltingsrevisjonar vil bli rapportert til kommunestyret etter gjeldande retningslinjer.

2.3. Rapportering av gjennomførte prosjekt

Kontrollutvalet vil laupande rapportere til kommunestyret om kva forvaltingsrevisjonar som er gjennomførde. I samsvar med forskrift om kontrollutval § 11 skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om kva forvaltingsrevisjonar som er gjennomførde og om resultata av desse. Kontrollutvalet vil oppfylle rapporteringskravet anten ved å sende rapportane vidare til bystyret for handsaming, eller ved å sende dei til kommunestyret som meldingssak. Det vil også bli opplyst om gjennomførte prosjekt og prosjekt under arbeid i kontrollutvalet si årsmelding til kommunestyret. Vidare er det kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltingsrevisjon vert følgde opp.

015/13 OPPFØLGINGSLISTE 2-2013

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 11.03.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	18.03.2013	015/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 2-2013 Gaular.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 2-2013 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 2-2013 - GAULAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 29.01.2013.

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 2-2013 - Gaular.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gaular kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
08/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	16.02.09	Ulike tiltak for å ytterlegare oppfylle intensjonen i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.	16.02.09: Vedtak KU vil innføre tiltak. 18.02.09 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor.
21/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt; Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune – tingsingsdokument	19.05.11	Leverast i august 2012, jfr gj f pl frå KRYSS	19.05.11 Vedtak KU: 1. Tinginga for prosjektet "Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune" vert godkjent. 2. Tingsingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonisering. 21.05.11 Tinging sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonisering. 18.04.12 Motteke gjennomføringsplan frå KRYSS. 04.09.12 Motteke statusrapport. Sjå sak 27/12
15/12 Status forvaltningsrevisjonsprosjekt – Innkjøpsfunksjonen i Gaular kommune.	25.05.12		25.05.12 Vedtak KU Teke til vitande. 04.09.12 E-post frå Kryss m status i arb. 05.02.13 e-post til kommunen der ein ber han om å svare på KRYSS sine førespurnader om uttale til rapporten.
26/12 Oppfølging av kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonsrapport Sjølvkostberekningar VAR-sektoren	22.10.12		22.10.12 Tilråding til kommunestyret. 23.10.12 s kst. 12.02.13 vedtak kst sak 008/13.
27/12 Status forvaltningsrevisjonsprosjekt – Innkjøpsfunksjonen i Gaular kommune.	22.10.12		22.10.12 Vedtak KU – - Statusmelding i arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet «Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune» om at prosjektet er forseinka i høve til prosjektplanen som vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 25.05.2012 vert teken til vitande. - Kontrollutvalet forventar at rapport for prosjektet vert lagt fram til første møte i 2013, som vil bli halde kring 1. februar. 05.02.13 e-post til kommunen der ein ber han om å svare på KRYSS sine førespurnader om uttale til rapporten.
33/12 Plan for selskapskontroll – Gaular kommune	04.12.12		04.12.12 Tilråding til kommunestyret. 05.12.12 s. kst
001/13 Godkj innkalling og sakliste.	04.02.13		04.02.13 Vedtak KU – Ikkje merknader.
002/13 Skriv og meldingar	04.02.13		04.02.13 Vedtak KU – Teke til vitande.
003/13 Orientering om prosedyrar for deltid/mv tilsetting.	04.02.13		04.02.13 Vedtak KU - - Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande. - For oppfølging ber kontrollutvalet om opplysningar om tilsette som ønskjer utvida stillingar, og om arbeid med bruk av alternative arbeidstidsordningar.

04/13 Overordna analyse.	04.02.13		04.02.13 Vedtak KU: - Det vert vist til dokumentet Overordna analyse for Gaular kommune, datert 18. januar 2013 og presentasjon av Overordna analyse av Kryss revisjon. - Overordnaanalyse vert å nytte som grunnlag for å prioritere prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2013-2016.
05/13 Plan for forvaltningsrevisjon.	04.02.13		04.02.13 Vedtak KU – Saka utsett.
06/13 vurdering av oppdragsansvarleg revisor si uavhengigheit.	04.02.13		04.02.13 Vedtak KU – Teke til vitande og s kst til orientering. 05.02.13 s kst. 12.02.13 Vedtak kst sak 001/13 Referatsaker.
07/13 Møteplan 2013.	04.02.13		04.02.13 Vedtak KU – Godkjent med endringar.
08/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet.	04.02.13		04.02.13 Tilråding til kst. 05.02.13 s kst 12.02.13 Vedtak kst sak 006/13 Årsmelding 2012.
09/13 Nettbrett – kontrollutvalet.	04.02.13		04.02.13 Tilråding til fmsk 05.02.13 s fmsk Ikkje lagt fram for fmsk i møte i februar.
10/13 Oppfølgingsliste 1-2013	04.02.13		04.02.13 Vedtak KU: - Kontrollutvalet ber om at kontrollutvalssak 26/12 "Oppfølging av kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonsrapport Sjølvkostberekningar VAR-sektoren" vert lagt fram for kommunestyret. - Kontrollutvalet ber om at rådmannen snarleg svarar på KRYSS revisjon sin førespurnad om uttale til forvaltningsrevisjonsrapporten "Innkjøpsfunksjonen i Gaular kommune".
11/13 Eventuelt.	04.02.13		04.02.13 Vedtak KU: -Kontrollutvalet ynskjer at det vert arrangert ein eindagskonferanse for kontrollutvalsmedlemer i lokalområdet med aktuelle tema. 05.02.13 Levert dl for vsh.
12/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.	18.03.13		
13/13 skriv og meldingar.	18.03.13		
14/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016.	18.03.13		
15/13 Oppfølgingsliste 2-2013.	18.03.13		
16/13 Eventuelt	18.03.13		

Oppdatert 11.03.13

016/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 11.03.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	18.03.2013	016/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.